

Hordaland Fylkeskommune  
Kultur og idrettsavdelinga  
PB 7900  
5020 Bergen  
[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Dykkar ref.  
2017/121-84

Vår ref.  
17-010.EME

Stad/dato  
Knarvik, 30. mai 2017

## **Klage – ref. 2017/121-84.**

Viser til brev – underretting om vedtak i sak 2017/121-84 – søknad lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2017. Vi ønskjer med dette å klage på vedtaket.

### **Bakgrunn for klage:**

Vi har stor forståing for at ein må prioritera dei beste formåla i stønadsordninga, og at søknadane skal målast mot kravskriterier som: høg overføringsverdi og lavterskelverdi for fysisk aktivitet for ungdom. Vi aksepterer sjølvsaugt at det er gode prosjekt i fylket som er like bra og kanskje betre enn vårt prosjekt, men vi stiller oss undrande til grunngjevinga for avslaget - «Liten overføringsverdi. Ikkje fokus på lavterskel». Dette er direkte feil.

### **Grunngjeving:**

- **UngdomsMila er eit lavterskel arrangement**

Lavterskel arrangement definerast som eit arrangement der det er enkelt, billeg å vera med, samt er tilgjengeleg for alle, uansett nivå.

- Totalt har vi 2600 deltakarar og er då det største mosjonsløp for Ungdommar i Noreg
- Er tilrettelagt slik at alle elevane frå dei deltakande skulane er med – funksjonsfriske, funksjonshemma
- Alle skular i Bergen og Nordhordland vert inviterte.
- Det er ingen krav til at ein må springa - mange går.
- Det er gratis å delta for elevane og skulane. I tillegg dekkjer arrangøren 50% av busskostnadane for skulane.
- Arrangementet går i skuletida.
- UngdomsMila arrangerast i «Brekkeløypa» ei grusa rundløype som er finansiert av vår frivillige organisasjon, og driftast på vår kostnad. Løypa er kanskje Nordhordlands beste Folkehelseiltak med over 700 brukarar kvar dag. Løypa er gratis å bruke og mange av deltakarane på UngdomsMila brukar løypa vekentleg til trening. Skular og barnehagar i Knarvik brukar løypa fast.

- **UngdomsMila har ein stor overføringsverdi i høve fysisk aktivitet**

- Arrangementet stimulerer til auka fysisk aktivitet
- Arrangementet fremjar glede ved å vera i aktivitet
- Arrangementet rekrutterer fleire ungdommar til friidretten
- Arrangementet aukar talet ungdommar som vil delta i framtidige mosjonsarrangement (ref. KnarvikMila)
- Stimulerer og motiverer til å trene mot UngdomsMila – ref avisartikkel:



- **UngdomsMila har ein stor overføringsverdi i å skapa eit meir berekraftig samfunn**

- Arrangementet skapar meir miljøbevisste ungdommar (Miljøkurset, samarbeid med NGIR, samt miljøstasjonar og kjeldesortering på arrangementet) – målgruppe: 8. og 9. klasse.
- Arrangementet skapar gode haldningar til trafikksikring (Trafikksikringskurset i samarbeid med Trygg Trafikk, politiet, ambulansetenesta og brannvesenet) – målgruppe: 10. klasse.
- Arrangementet skapar kunnskap rundt gode sunne kostvanar og sjømat (Sjømatkurs, sjømatservering til alle) – målgruppe: 1. og 2. klasse VDGS + 10. klasse.
- Arrangementet skapar større forståing og kunnskap kring privatøkonomi (kurs ved Sparebanken Vest) – målgruppe: 1. og 2. klasse VDGS.
- Arrangementet inkluderer dei aller fleste aldersgrupper. Vi har over 120 pensjonistar som medhjelparar. Pensjonistane opplever å vera til nytte i eit flott samfunnsprosjekt.

Med bakgrunn i overnevnte grunngjeving håpar vi at De vil sjå på vår søknad på nytt.

Vi er ein frivillig organisasjon som skapar store samfunnsverdiar i form av folkehelseiltak, anleggsutbygging, dugnadsbetaling til 14 ulike lag og organisasjonar for arbeidet som vert lagt ned på våre ulike arrangement. Utan stønad frå det offentlege og hjelp frå næringslivet, vert det naudsynt for vår organisasjon til å prioritera tøffare, der konsekvensen er at vi må avvikla våre gratis folkehelseiltak som UngdomsMila, «Lettare til fots» trening etc, og verta meir kommersiell i drifta. UngdomsMila, som eit av våre delprosjekt, er diverre eit stort økonomisk underskotsprosjekt og det vil derfor vurderast om vi kan fortsetja med dette arrangementet etter 2017.

Med vennleg helsing  
For Knarvikmila

Eddie M. Ebbesvik  
Dagleg leiar